



Arkivnr: 2016/8763-1
Saksbehandlar: Jostein Farestveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2016
Fylkestinget		04.10.2016

Forvaltingsrevisjon av Regionale utviklingsmidlar - handlingsplan for oppfølging

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein revisjon av forvaltinga av dei Regionale utviklingsmidlane i Hordaland fylkeskommune. Revisjonsrapporten presenterer 7 forbetningspunkt. Fylkestinget handsama revisjonsrapporten 14. juni 2016 og vedtok 7 punkt som dei ber fylkesrådmannen følgje opp. Fylkesrådmannen vert bedt om å utarbeide ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser korleis tilrådingane i rapporten skal setjast i verk.

Denne saka presenterer handlingsplanen som utgjer punkt 7 vedtaket.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtar handlingsplanen for å følgje opp tilrådingane i rapporten, på bakgrunn av den gjennomførte forvaltingsrevisjonen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.08.2016**Bakgrunn**

Deloitte har gjennomført ein revisjon av forvaltninga av dei Regionale utviklingsmidlane i Hordaland fylkeskommune. Revisjonsrapporten presenterer 7 forbetringpunkt. Fylkesrådmannen har i si høyringsfråsegn til rapporten kommentert punkta og lagt fram sine tilrådingar til forbetring.

Fylkestinget handsama revisjonsrapporten 14. juni 2016 og vedtok 7 punkt som dei ber fylkesrådmannen følgje opp. Fylkesrådmannen vert bedt om å utarbeide ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser korleis tilrådingane i rapporten skal setjast i verk.

Denne saka presenterer handlingsplanen som utgjer punkt 7 vedtaket.

Tidlegare handsaming

Vedtak i Fylkestinget 14. juni 2016:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

- 1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjonar, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.*
- 2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemd eller organisasjonar.*
- 3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneheld informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.*
- 4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.*
- 5. Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismer i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis.*
- 6. Sikre at all kommunikasjon med søkjarar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.*
- 7. Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Med dette vedtaket presenterer Fylkesrådmann følgjande handlingsplan for å følgje opp tiltaka:

Handlingsplan og tiltak for forvaltning av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune

Oppfølgingspunkt	Handling	Ansvar	Frist
1.Delegasjonsreglement	Kontrollere/oppdatere fylkeskommunen sitt delegasjonsreglement	Organisasjonsavdeling a	Fylkestinget oktober/ desember
2. KMD- reglement: Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidler blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, inkludert driftstøtte.	<p>a) Syte for at alle sakshandsamarar har god kjennskap til «forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidler», gjennom å setje det som tema på seksjonsmøte.</p> <p>b) Det vert lagt fram eigne saker til fylkesutvalet om støtte til aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram , og om organisasjonar som fylkeskommunen gjer driftstøtte til. Begge desse sakene vil vurdere tilhøve til forskrift og retningsliner frå KMD.</p>	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	<p>a) 1.oktober</p> <p>b) FUV 20.oktober og januar 2017</p>
3. Sikre at den tilgjengelege informasjonen om støtteordningane er tilstrekkeleg.	Evaluere kommunikasjonsstrategi og presisere/tydeleggjere innhald i utlysningane.	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	1.februar (Innan utlysing av tilskotsmidlar 2017)
4. Sikre tydelege tildelingskriterium for alle tilskotsordningar	a) Tydeleggjere og presisere tildelingskriterium i samband med utlysing av	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	a) 1. Februar (Innan utlysing av midlar

	midlar 2017. b) Det skal utarbeidast vurderingsskjema der alle søknadar vert vurdert opp mot folkehelse og klima.		2017). b) 1. oktober 2016
5. Vurdere å tydeleggjere sakshandsamingsrutinane ytterlegare og sikre kontrollmekanismer i sakshandsaminga	a) Oppdatere dokumentet «Sakshandsaming i RF 13.50 – interne rutinar», som skildrar sakshandsamingsrutinane frå innkomen søknad til avslutta prosjekt, inkludert kontakt med søkjar, revisjonsplikt og vurdering av arkivverdig informasjon. b) Dialog med KMD for å styrke sakshandsamingsverktøyet «Regionalforvaltning.no» med omsyn til mellom anna habilitetsvurdering.	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	a) 1. oktober b) Kontinuerleg (Hordaland fylkeskommune er representert i KMD sitt brukarråd for RF.13.50)
6. Arkivering av all relevant kommunikasjon	Styrke arkiv- og ephorte opplæringa for alle tilsette på næring og lokalsamfunnsseksjonen.	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling i samarbeid med KIA (dokumentsenteret).	1. november.
8. Lage ein prioritert handlingsplan for å følge opp tilrådingane i rapporten	Dette dokumentet	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	1. september, og dei gjevne fristane for oppfølging

Utfyllande kommentarar

Fylkesrådmannen har i revisjonsprosessen gjeve innspel til problemstillingar som Deloitte har påpeika (ephorte: 2016/3059), og desse innspela er i varierende grad tatt omsyn til i rapporten. Det er difor trong for noko utfyllande tekst til kvart av tiltaka.

1. Delegasjonsreglementet til fylkeskommunen er under revisjon, og Organisasjonsavdelinga legg fram dette i eiga politisk sak til Fylkestinget i oktober eller desember 2016 (ikkje avklart i skrivande stund).

Klargjering av eventuelle manglande fullmakter til fylkesrådmann vert fastsett her.

Saker som omhandlar større tilskotsbeløp, og tildeling av driftstøtte til næringsaktørar vil som før verte handsama av Fylkesutvalet.

2. Fylkesrådmann vurderer at alle søknadar om midlar vert vurdert opp mot den gjeldande forskrifta og retningslinene frå KMD («Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler») Sakshandsamarar drøftar søknadar som kan vere uklare om er støtteverdige, både i arbeidsgrupper på seksjonen og med næraste leiar. Alle tilskot går òg til godkjenning hjå Næringssef og Fylkesdirektør for Regionale utvikling, noko som er med på å sikre at søknadar vert vurdert mest mogleg likt. Fylkesrådmann vil syte for at alle sakshandsamarar har god kjennskap til gjeldande forskrifter til ei kvar tid. Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling vil setje forskrifta opp som tema på eit seksjonsmøte i haust.

Fylkesrådmannen vurderer at Hordaland fylkeskommune sin bruk av Regionale utviklingsmidlar er i tråd med forskrift og retningsliner frå KMD, gjennom at det berre er aktørar som er med i nasjonale program (t.d. NCE/GCE/næringshagar/inkubatorar mm) og aktørar/prosjekt i ein utviklingsfase som mottar partnerskapsmidlar, jamfør forskrifta.

Fylkesrådmann vil legge fram ei eiga sak om desse aktørane til Fylkesutvalet 20. oktober, som drøftar denne problemstillinga.

3. Fylkesrådmannen vurderer kontinuerleg om den informasjonen som er tilgjengeleg om støtteordningane for regional næring- og samfunnsutvikling kan styrkast. Innhaldet på nettsidene vert oppdatert når dette er relevant, og nye måtar for å nå ut med informasjon til potensielle søkjarar vurderast.

Fylkesutvalet har i samsvar med tilråding frå fylkesrådmannen vedteke å gjennomgå ordninga med partnerskapsmidlar frå Fylkeskommunen, og vurderer å etablere ei søknadsbasert ordning, noko som vil styrke informasjonen om desse midlane.

4. Fylkesrådmann har i si fråsegn til revisjonsrapporten peika på at prosjekt delfinansiert med Regionale utviklingsmidlar skal medverke til å nå måla i Handlingsprogram for næringsutvikling (HNH). Det er innsatsområda i HNH, og andre politisk vedtekne planar (t.d. Klimaplanen) som utgjer tildelingskriteria som prosjektsøknader vert vurdert mot. Fylkesrådmannen merkar seg at dette kan tydeleggjerast i større grad og vil ta det med inn i arbeidet med HNH 2017, og utlysing av midlar i 2017. Det utarbeidast òg indikatorar knytt til Klima og miljø, som alle prosjekt skal vurderast opp mot.

5. Sakshandsamarar rutine er formalisert i dokumentet «Sakshandsaming RF 13.50 1– interne rutinar.

Næringsseksjonen. Versjon 11.september 2014». Fylkesrådmannen vil revidere og tydeleggjere dette arbeidsdokumentet på grunnlag av revisjonsrapporten, slik at alle sakshandsamarar til ei kvar tid har dei gjeldande rutinane for sakshandsaming tilgjengeleg.

6. I samarbeid med Dokumentsenteret vil arkiv- og ephorteopplæringa på seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling styrkast. Revisjonen viser at der rom for å betre rutinane for å arkivere informasjon som har funne stad i møter eller over telefon.

7. Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling føl den gjevne handlingsplanen for å imøtekomme revisjonen sine framlegg til å styrke rutinane for forvaltninga av regionale utviklingsmidlar.